

# Vestlandsrådet

## VR-vedlegg Møteinnkalling

### Politisk plattform for Vestlandsrådet 2012-2015.

Vedtatt 221012

#### Innleiing

Fylka på Vestlandet har mange felles moglegheiter for utvikling. Vi har eit ramtidsretta næringsliv basert på ressursane i havet og aktivitetar langs kysten. Vi har bysentra som er viktig for veksten på Vestlandet, men òg område som er prega av stagnasjon. Og ikkje minst, vi har eit landskap prega av fjell og fjordar. Landskapet gir oss store moglegheiter, men som også er vesentlege hindringar for å få effektive samband langs kysten.

Vestlandsrådet er danna ut i frå ei erkjening av at fylka på Vestlandet har felles utfordringar, og at vi kan oppnå meir gjennom å samle kreftene for å utvikle Vestlandet og for å løyse våre felles utfordringar.

På Vestlandet må vi heile tida vere merksame på politiske prosessar som gjeld rammevilkåra for utvikling på Vestlandet. Og vi må sikre handlingsrom til å gjere det viktige og det riktige regionalt. Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet skal gjennom Vestlandsrådet:

- styrke landsdelen, både nasjonalt og internasjonalt
- koordinere den politiske innsatsen til beste for landsdelen innanfor definerte satsingsområde
- fremme politiske saker av felles interesse
- aktivt påverke rammevilkår for landsdelen og medlemsfylka
- skape samhandlingsarenaer på Vestlandet
- ta initiativ til samarbeidsprosjekt på tvers av fylkesgrensene

#### Satsingsområder

##### Samferdsel

*Gode kommunikasjonar er ein kritisk faktor for å sikre konkurransekraft og høg verdiskaping på heile Vestlandet. Betinging av kommunikasjonane er sentralt også for å gjere landsdelen meir attraktiv å busette seg i. Det må difor leggjast opp til effektive transportløyseringar både internt på Vestlandet og mot resten av landet og mot utlandet. Berekraftperspektivet vil vera sentralt i gjennomføringa av samferdsletiltak. Særleg må ein taka omsyn til det som påverkar artsmangfaldet i dyre- og plantelivet.*

Vestlandsrådet vil arbeide for:

##### Ferjefri E39 Stavanger-Trondheim innan 20 år

Utvikling av E39 med redusert reisetid og standardauke er avgjerande for verdiskaping og utvikling av robuste bu- og arbeidsmarknadsregionar på Vestlandet. Vestlandsrådet vil arbeide for at nødvendige traseavklaringar, planlegging og finansiering kjem på plass for ei snarleg realisering av ferjefri E39

# Vestlandsrådet

Stavanger-Trondheim.

## **Å stoppe forfallet på vegnett på Vestlandet og ta att vedlikehaldsetterslepet på viktige vegstrekingar**

Manglande vedlikehald fører til trafikkfarlege vegstrekingar og redusert framkomst med ekstra kostnader for næringsliv og innbyggjarar på Vestlandet. Staten må bidra til eit særskilt nasjonalt løft for å stoppe forfallet på vegnettet og ta att vedlikehaldsetterslepet på deler av vegnettet.

## **Auka statleg satsing på rassikring**

Både uvêr og framtidige klimaendringar gjer rasfare til ei stor utfordring på vestlandsvegane. Ras har ført til ulykker med tap av liv og stengde vegar med transportulemper for busette og næringsliv. Gjennom dagens øyremerka tilskot må staten styrke rassikringa i tråd med det samla rassikringsbehovet og støtte kravet til den nasjonale rassikringsgruppa om at all offentleg veg skal vere rassikra innan 2030.

## **Styrkje flytrafikken**

Over større distansar vil fly ha ein større føremon enn bil både som passasjer- og godstransportør. Vestlandsrådet vil arbeide for at det blir etablert tenlege flyruter mellom dei ulike regionane på Vestlandet.

## **Styrke sjøtransporten**

Med kysten og havet som naturgitt infrastruktur er det eit mål å styrke sjøtransporten både direkte til internasjonale hamner og internt i landsdelen. Vestlandsrådet vil arbeide for realisering av Stad skipstunnel og endringar i avgiftssystemet knytt til sjøtransport.

## **Styrke kollektivtransporten i byområda**

For Vestlandet er det viktig at byområda fungerer som trafikale knutepunkt, der kollektivtransporten må ta den forventa framtidige trafikkveksten. For å binde vestlandet sterkare saman er det og viktig å styrke det regionale fylkeskryssande rutetilbodet. Vestlandsrådet krev statleg medfinansiering av større infrastrukturtiltak for kollektivtrafikken.

## **Styrke digital kommunikasjon**

Digital kommunikasjon gjennom mobiltenester og breiband er blitt nervesystemet i samfunnet. Høg kvalitet på desse tenestene er ein føresetnad for at næringsliv og anna samfunnsliv skal fungere. Uvêr har satt mobiltenesta og andre digitale tenester ut av spel for kort eller lengre tid. Vestlandsrådet vil legge press på sentrale aktørar for at denne infrastrukturen skal være stabil og av høg kvalitet, og arbeide for tiltak som aukar sikkerheita og kvaliteten på tenestene. Vestlandsrådet vil vektleggja arbeidet for vidare utbygging av siste generasjons breiband og mobiltenester slik at heile Vestlandet får tilbod om slike tenester.

## **Påverke rammevilkåra for viktige næringar for Vestlandet**

*Vestlandet har eit framtidretta næringsliv som skaper store verdiar og som skal legge grunnlaget for framtidig vekst og velferd for heile nasjonen. Best moglege rammevilkår for verksemdene er avgjerande både nasjonalt og regionalt. I utforming og gjennomføring av tiltak må berekraftperspektivet vere sentralt.*

# Vestlandsrådet

Vestlandsrådet vil arbeide for å:

## **Sikre gode rammevilkår for næringslivet på Vestlandet.**

Vestlandet har store føremonar innan dei marine og maritime næringane, energinæringane og reiseliv samt media og film. Vestlandsrådet skal arbeide for å sikre gode rammevilkår for desse næringane på Vestlandet.

## **Sikre relevant informasjon om næringslivet på Vestlandet**

Vestlandet har næringsklynger i verdensklasse. Vestlandsrådet skal arbeide for å sikre at avgjerdsaktørar sentralt får relevant informasjon om næringsliv og føresetnader for verdiskaping på Vestlandet.

## **Delta aktivt i utforminga av nasjonal næringspolitikk**

Det er sentralt å skape størst mogleg handlingsrom regionalt, slik at vi kan nytte potensialet for verdiskaping fullt ut. Mellom anna må det arbeidast for å få meir treffsikre verkemiddel for næringsutvikling, slik at byar og regionsentra kan vere motorar for heile regionen. Eigarskapet i Innovasjon Norge gir moglegheiter for utforming av nasjonal næringspolitikk.

## **Landbruk**

Landbruket på Vestlandet er mellom dei mest effektive i landet trass i sin bruksstruktur. Det er ein stor trivselfaktor for landsdelen knytt til stell av landskapet og produksjon av rein mat. Samstundes legg det også grunnlaget for turistnæring utanom byer og tettstader. Vestlandsrådet vil leggja vekt på ein politikk som tek vare på dei knappe landbruksareala og sikrar ei inntekt som står i høve til arbeidsinnsatsen.

## **Styrke Nordsjøsamarbeidet for Vestlandet**

*Nordsjøområdet er Vestlandet sitt nærrområde til Europa. For Vestlandsrådet er det sentralt å arbeide vidare med det regionale samarbeidet i Nordsjøregionen som allereie er etablert på tvers av nasjonale grenser. Gjennom å vere aktive i dette samarbeidet vil Vestlandsrådet vidareutvikle si regionalpolitiske rolle i ein internasjonal kontekst innan fleire viktige tematiske område.*

Vestlandsrådet vil arbeide for:

### **Å styrke den politiske deltakinga i organisasjonane CPMR (The Conference of Peripheral Maritime Regions) og NSC (North Sea Commission)**

Gjennom CPMR og NSC kan fylkeskommunane vere med på å påverke europeisk politikk, samt utvikle felles løysingar med andre regionar i Nordsjøområdet. Vestlandsrådet kan styrke Vestlandet sin påverknad i desse organa gjennom å sikre politisk representasjon i styringsorgana for CPMR og NSC. Det vil vere viktig for vestlandsfylka å få til ei samordning av den politisk representasjon i dei faglege grupper for CPMR og NSC. Dette vil vere for å styrke og systematisere samarbeidet innan sentrale område som FoU, energi, næringsutvikling, kultur og klima.

### **Å hevde Vestlandet sine interesser gjennom aktivt å påverke nasjonale og internasjonale styresmakter i tematiske saker som gjeld Nordsjøregionen**

Vestlandsrådet skal vere aktiv i den politiske diskusjon i saker relatert til Nordsjøregionen, og sikre gode kommunikasjonskanalar inn mot relevante norske departement. Vestlandsrådet skal ivareta Vestlandet sine interesser i arbeidet med forvaltingsplanar for Nordsjøen og Norskehavet og . oppretthalde engasjementet i samarbeidsorganisasjonen NORA. Vestlandsrådet skal òg koordinere ei aktiv deltaking frå Vestlandsfylka i iverksettinga av strategien ”North Sea Region 2020”.

# Vestlandsrådet

## **Auke Vestlandet sitt regionalpolitiske handlingsrom**

*Eit demokratisk regionalt nivå med eit breitt ansvar for dei regionale utviklingsoppgåvene er ein styrkje ved demokratiet i Noreg. For å kunne utvikle eit attraktivitet og konkurransekraftig Vestland, må vi ta utgangspunkt i utfordringar og utviklingsmoglegheiter på Vestlandet. Vestlandsrådet vil arbeide for eit styrkt regionalpolitisk handlingsrom.*

Vestlandsrådet vil arbeide for:

### **Å styrke kompetansen på Vestlandet**

Høg utdanning og tung forskningskompetanse er avgjerande for eit framtidretta samfunns- og næringsliv. Vestlandsrådet vil derfor arbeide for å styrke regional forskning og utdanning og fremje samarbeidstiltak på tvers av fylkeskommunane.

### **At statlege arbeidsplassar vert lagt til Vestlandet**

Statlege arbeidsplassar er viktige kompetansearbeidsplassar, og Vestlandet må ha nasjonale institusjonar som har stor verdi for utviklinga av landsdelen. Vestlandsrådet vil difor arbeide for at nye statlege arbeidsplassar vert lagt til Vestlandet.

### **Å vere ein aktiv deltakar i arbeidet med å utvikle regional- og distriktpolitikk på Vestlandet**

Vestlandet har både store vekstsentra og område som har utfordringar med stagnasjon og tilbakegang. Vestlandsrådet skal delta i politiske prosessar som har er viktige for distrikts- og regionalpolitikken nasjonalt og internasjonalt.

### **Sikre kulturelt regionalpolitisk handlingsrom**

Det blir arbeidd med fleire sentrale prosessar nasjonalt som vil bety mykje for framtidig kulturpolitikk. Vestlandsrådet vil arbeide for å sikre eit kulturelt regionalpolitisk handlingsrom, og at sentrale kulturinstitusjonar og –tiltak på Vestlandet blir prioriterte og gjennom det spele ei aktiv rolle i utforminga av norsk kulturpolitikk.

### **Framheve kystkulturen på Vestlandet**

Vestlandet har ein sterk kystkultur som er sentral i landsdelen sin identitet og verdiskaping. Vestlandsrådet skal arbeide for å styrke verdien av kystkulturen, og arbeide for at denne vert prioritert sterkare i nasjonal kulturminnepolitikk.